



* Maja (10) debuterte på sprangstemne med lånt hest i 20 cm-klasse.

* Systrene Randi (14) og Anna (11) deltok med Odin og Botnar.

Mange debutantar på klubbstemne

Søndag Volda arrangerte rideklubb internt klubbstemne i sprang og dressur. For mange vart dette debut i stemnesamanheng.

I og med at stemnet var ope berre for deltakarar frå arrangørklubben, var det noko færre enn vanleg på startlistene. Til gjengjeld hadde klubben opna for at juniormedlemmer utan eigen hest kunne vere med på lånt hest i 20 cm sprang. I denne klassen var det òg høve til å ha med leiar rundt bana. Alle dei påmelde i denne klassa debuterte på sprangstemne, og kom seg feilfritt rundt bana på fyrste forsøk. I 40 cm, som var klasse nummer to, var det òg debutantar med, og alle klarte feilfri runde. I 60 cm vart det større fart og meir spenning, og alle deltakarane gjorde ein fin figur. Høgste klassa var 70 cm, og der også vart det delt ut sløyfer for



* Ida / Heidrid, Ann Lajla / Regina Brungot, Randi / Odin og Karin / Botnar.

god innsats. Etter at sprangstemnet var ferdig, var det duka for eit

par dressurklasser. Klubben stilte med både banebyggjar og dom-

marar i sprang og dressur sjølv, og arrangøren var særst heldig med været. Vêrmeldinga viste regn, men over Vollane ridebane på Rotevatn skein sola. Det la ei fin ramme kring stemnet. Vonleg vil enno fleire finne vegen til start ved neste høve.

Styret i VRK



* Anna (11) og Botnar klarte feilfri runde i 40 cm.

Fleire gravplassar treng utviding

Volda kyrkjelege fellesråd har handsama budsjett 2015, og melder no frå til Volda kommune om fleire tiltak som bør prioriterast neste år. I arbeidet med 2015-budsjettet legg fellesrådet til grunn framskriving av budsjett-ramma med 3,1 prosent frå 2014. Vidare legg dei til grunn at husleiga for nytt kyrkjekontor i 2015 vert på same nivå som leige av kyrkjekontor i 2014. Ekstraordinære kostnader knytt til flytting av kyrkjekontor, som flyttehjelp og eventuelt fornying av inventar, vert å dekke innanfor budsjett-ramma. I 2015 har fellesrådet eit investeringsbehov på 1,5 millionar kroner. Dette er knytt til tiltak på kyrkjegardane.

- Planlegging, omregulering og utviding av gravplassane ser ut til å vere eit evigvarande tiltak. Det naudsynt å få på plass finansiering til planlegging av omregulering og utviding av Leirshaugen gravplass. Vidare er det behov for å finansiere grunnkjøp og planlegging av utviding av Lid gravplass. Det er òg behov for å finansiere nytt gjerde på delar av Kilsfjord gravplass, for å få denne i stand slik lovverket krev, forklarer kyrkjevjerje Jostein Stråbø. Finansiering er tenkt gjort ved låneopptak, der fellesrådet får dekt renter og avdrag gjennom kommunalt tilskot.

Kostnadskutt gir dårleg teksting

(NPK): Prispresset i TV-bransjen gir dårlegare kvalitet på TV-tekstinga.

TV-tekstarbransjen slår alarm om det norske språket som blir dårlegare grunna internasjonalt kostnadspress, skriv Aftenposten. Det nordmenn les av TV-teksting svarar til 17- 18 romanar i året. Likevel er det berre NRK som har eigne tekstalar. Andre kanalar brukar frilansarar til å gjere jobben med å tekste.

Grunna prispresset blir malar og datakoding kjøpt inn frå utanlandske firma. Norske TV-tekstarar må ha dei ferdige malane og datakoding som er tilpassa andre språk enn norsk som utgangspunkt for eige arbeid. I tillegg er det akkordbetaling: Honoraret er basert på programminutt eller talet på tekstblokker som er omsett, skriv avisa.

Grunna dei utanlandske malane utviklar TV-tekstinga seg meir og meir i engelsk retning, og mange TV-kanalar stiller ikkje krav til verken innhald eller kvalitet. Det gjer at bransjen no meiner at det norske språket kan vere i fare, nettopp grunna det internasjonale prispresset og vilkåra for TV-tekstarane i Noreg.